



Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag torsdag 20.februar kl 18.00 på biblioteket

Til stades: Bjørg, May, Gerd, Mette Marie, Magnhild

Forfall: Mette NV

Judith møtte i sak 33/25

Sak 31/25 Godkjenning av innkalling

Ingen merknader, innkallinga vart godkjent.

32/25 Gjennomgang av referat med tilbakemeldingar på vedtak

- Nokre spm. knytt til prosjektet for opprusting av skulekjøkkenet på Valldal skule, som vart besvart.

Venta at prosjektet startar opp i mars.

- Ulike tilbakemeldingar på utsending av gevinstar til vinnarar i kalenderlotteriet; Bjørg tek dette vidare til distriktsårsmøtet om det høver å ta det opp der.

- Kontakten med Roger Severin Bruland er følgd opp. Han ønskjer å kome på besøk til hausten, sidan han no arbeider med ei bok som vil danne grunnlag for eit nytt foredrag.

33/25 Sansehagen, arbeid og økonomi

Judith orienterte og la fram god oversikt over inntekter og utgifter dei siste tre åra.

Arbeid med Sansehagen har historie attende til 2015.

Bygdekvinnelaget og Helselaget sette saman ei gruppe ved oppstarten. Bjørg vart vald inn som kommunen sin representant.

Styret for Sansehagen har vore samansett av Judith (leiar) og Anne frå VBK, Kjellaug frå pårørandefor., Elinor frå helselaget, Lisbeth Eiksund Torvik frå dei tilsette og Bjørg som var opprinneleg oppnemnd frå kommunen og var sekretær.

Området var «stussleg» i utgangspunktet, og det vart søkt om midlar for å stelle til uteområdet. Ein del midlar frå ulike bedrifter kom godt med i starten. Mykje godt arbeid og god dugnadsånd gjorde at ein fekk ordna det fint på området med planting i pallekarmar og oppsett av tremøblar. Lions var deltakande og stod i bresjen for å få sett opp Paviljongen.

Siste åra har det ikkje vore søkt om midlar. Det har vore innbetalt fleire beløp frå Fjørå helselag og VBK, mesteparten av utgiftene har vore relatert til planter.

Sansehagen har eigen konto, siste året har det ikkje blitt definert egne faktura for kjøp frå VBK sin driftskonto og konto for Sansehagen.

Vidare oppfølging:

-Kasserar Gerd ordnar dei nødvendige overføringane mellom dei to kontoane, slik at alt blir belasta rett konto. Ho vil også finne ein god struktur for ettertida, ikkje nødvendig å opprette eit eige org.nr. for Sansehagen.

- Det blir etterspurd eit eige bankkort i banken som Sansehagen kan disponere til innkjøp av blomar, mold og nødvendig utstyr.

- Judith kallar inn til møte i gruppa for Sansehagen i løpet av mars. Turid Løvoll har sagt seg viljug å delta frå Helselaget i tillegg. Ev. ny leiar må veljast. Søknad om meir midlar til tiltaket bør utformast.

34/25 Levekårsplan Fjord Kommune er ute på høyring. Denne ligg på nettsida til Fjord kommune. Har vi innspel til denne?

Björg har laga utkast til innspel til planen. Dette blir redigert og sendt det inn. Viktig å ta med friviljuge inn i arbeidet med å lage handlingsplanar.

35/25 Frivilligforum 10.mars. Kven kan delta?

Skal vere på Frivilligsentralen i Stordal. Agenda for møtet er ikkje sett opp enno. Møtet er ope for alle. *Björg deltek, May prøver også å få til å møte.*

36/25 Dugnad for Martin Linge-huset. Bygdafest 2025 12.april. Vi blir bedne om å stille med 3 friviljuge til ulike gjeremål.

VBK har også tidlegare år stilt med same antal vakter.

Sekretær sender ut forespurnad til alle medlemmer og bed nokon om å melde seg.

Oppfølging av dette på medlemsmøtet tysdag fk.

37/25 Besøk Stolt Mat Kafe og Butikk Ørskog og muligens Ørskog Bygdekvinnelag

Besøk til Ørskog bkvl er ikkje aktuelt no.

Björg har snakka med Stolt Mat og fått ulike datoar for besøk.

Styret var samde om at 27. mars er den av datoane som er aktuell. Bygdekvinnekvelden den 25. mars går då ut.

Björg stadfestar avtale med Stolt Mat den 27. mars, tek sikte på avreise frå Valldal kl. 16 og oppmøte på Sjøholt kl. 17. Det blir påmelding, og eigendel kan påreknast.

38/25 Innhald Bygdekvinnekveld tysdag 25.februar

Ettersom styremøta kjem så nært innpå bygdekvinnekveldane, har programmet blitt lagt allereie.

Björg har ordna programinnslag. Vertinnegruppe 2 har ansvar for mat og åresal.

39/25 Møteplan med mogleg endring

Det er behov for nokre justeringar, jf. bygdekvinnetur den 27. mars, samt påskehelsing som blir endra til den 10.april. Om mogleg kombinerast med styremøte.

40/25 Søknad frå Valldal Barneforening

Dette er ei foreldregruppe for småskulen. Dei har danna ei eiga foreining for å søkje om midlar til oppgradering/vedlikehald av uteområdet ved Valldal skule. Dette er eit omfattande prosjekt.

Styret i VBK ser det som viktig at laget prioriterar det som alt er planlagt i samband med opprusting av skulekjøkkenet. Søknaden om midlar til oppgradering av uteområdet ved Valldal skule vert dermed ikkje imøtekomen.

41/25 8.mars arrangement

Arrangementet er godt planlagt og laget må rekne med å bidra til utgiftene.

42/25 Deltaking på distriktsårsmøte 15.-16. mars i Ørsta

Medlemmane har ikkje motteke invitasjon og program. Info på heimesida viser at påmeldingsfrist er 21.febr. *Björg melder på to personar. Ein person i tillegg til leiar.*

Møtet slutt kl. 20.15

Magnhild

ref.